# ÅRSRAPPORT 2018

**Kulturtanken**
Den kulturelle skolesekken Norge



# Innhald


4 **1.1 Del I. Melding frå leiaren**
4 Fornying, samarbeid og kvalitet
8 **1.2. Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal**
8 Formål og organisering av verksemda
9 Presentasjon av utvalde nøkkeltal
10 Fordeling kr 285 millionar til DKS 2018/2019
12 **1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat**
12 Mål 1: Effektiv og god forvaltning og styringsstruktur i DKS
13 Styrings- og rapporteringssystem
14 Overføring av skulekonsertar til fylke og direktekommunar
16 Mål 2: Høg kunstnarisk og formidlingsmessig kvalitet på tilbodet i DKS
17 System for arbeid med kvalitet og formidling
20 Utvalde prosjekt om kvalitet i DKS
24 Mål 3:Samarbeid med kultur- og utdanningssektoren om innhald og kvalitet i DKS
25 System for samarbeid og informasjonsdeling
32 **1.4 Del IV. Styring og kontroll i verksemda**
37 **1.5 Del V. Vurdering av framtidsutsikter**
40 **1.6 Del VI. Årsrekneskap**
44 Årsrekneskap i tal




*Sustain, ei konsertframsyning om forsøpling og mennesket sitt forhold til naturen – frå DKS Vestfolds framsyningsarena Marked for musikk i Larvik, oktober 2018.*


Oppsett: Lars Opstad
Alle foto: Lars Opstad / Kulturtanken
Framsidefoto: Dansar Abir Alyousofi, frå Teater Innlandets danseframsyning *Hello*, regi/koreografi: Therese Slob. Biletet er teke under Scenekunstbrukets framsyningsarena Showbox, desember 2018.

# Fornying, samarbeid og kvalitet



Kunst- og kulturaktivitetar gir trygge born, leikne born, medfølande born, sosialt kompetente born, ja til og med akademisk sterke born. For ikkje å snakke om kunst- og kulturkompetente born. Difor er eg stolt av oppdraget til Kulturtanken, som skal, gjennom koordinering, forvaltning, utvikling og forsking på og i skulesekken, vidareføre og vidareutvikle Den kulturelle skulesekken (DKS) som kjernen i regjeringas politikk for kulturformidling til born og unge. I mandatet gitt av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet (revidert 2018) er det stilt krav om «god kompetanse innen kunst- og kulturfag, kunstformidling, pedagogikk, skolefag, rammeplan, læreverk og arbeide for god forankring og tett samarbeid mellom skole- og kunstsektor». Ved inngangen til 2018 gjorde vi difor dei siste i ei lang rekkje nytilsetjingar i Kulturtanken. Etaten vart komplementert med pedagogisk og skulefagleg kompetanse. Det vart òg oppretta ei rekkje ressursgrupper og brukarutval for å sikre god forankring med dei sektorane vi samarbeider med.

### Viktigaste utfordringar i 2018

Vi har sett fokus på store og særs arbeidskrevjande oppgåver i 2018, og eg vil takke alle som var med i 2018 og bidrog til at vi oppnådde dei måla vi sette oss! Frå 2016 til 2018 har verksemda gått frå å vere ein organisasjon med ei 50 år lang historie bakom seg som musikkproduserande eining under namnet Rikskonsertane, til å verte Kulturtanken – ein etat med eit heilt nytt mandat, ansvarsområde og fagfelt. I desse to åra har vi kontinuerleg jobba med omfattande omstilling og fokus på nedbemanning, oppbemanning og organisatoriske endringar. 2018 vigde vi meir eller mindre i sin heilskap til å profesjonalisere den nye organisasjonen og å etablere faglege system og strukturar. I ein overgang mellom to organisasjonar vil det naturlegvis verte avdekt mange område for forbetring som krev nye rutinar. Utfordringar i samband med å gjere oppgåver for fyrste gong, som ny etat og i ein omstillingsprosess, er interessante, men kan òg vere særs krevjande. Som døme kan vi nemne store etterslep på arkiv frå Rikskonsertane som Kulturtanken må handtere. Noko har vi planlagt å utføre òg i 2019, og kanskje strekkjer arbeidet seg inn i 2020. Ei anna utfordring for oss har vore, og er framleis, å tolke mandatet til ei felles forståing som heile organisasjonen er samd om. DKS har vore, og skal vere, i kryssingsfeltet mellom kunst, kultur og skule, og i denne aksen skal mandatet tolkast og løysast. Eksterne faktorar, som den kommande regionreforma og endringar i feltet, har forseinka nokre få prosessar i 2018, men Kulturtanken har i stor grad nådd resultatmåla i tildelingsbrev og fellesføringar. Vi har òg greidd ut digitaliseringsbehovet og funne ut at det er noko større enn vi fyrst gjekk ut frå. Difor har vi valt å vente med større investeringar til 2019, når økonomien tillèt det.

### Resultata og dei viktigaste prioriteringane

Samla sett er resultatoppnåinga etter mi vurdering god. Vi har sett fokus på store og særs arbeidskrevjande oppgåver i 2018. Vi landa ein større strategiprosess og fekk på plass strategidokumentet «Fornyelse, samarbeid og kvalitet (2018-2021)». Det vart etablert nye rutinar for verksemdsstyring, inkludert ein omfattande verksemdsplan som synleggjer mål, aktivitetar, budsjett og ansvar. Vi har jobba med risikovurdering og forbetring av interne rutinar i transformasjonen frå Rikskonsertane til Kulturtanken, mellom anna når det gjeld IKT og arkiv.
I tillegg prioriterte vi konsekvensanalyse av direktekommuneordninga, utgreiing av fordelingskriterium i DKS-ordninga, vurdering av moglege modellar for kunst og kultur til barnehageborna, endeleg opphøyr av skulekonsertordninga med utfasing av turnerande utstyr, og ny og kvalitetssikra DKS-rapportering.

Samstundes har vi gjennomført dialogsamtalar med alle tilskotsmottakarane i landet. Dette skulle, til liks med mange andre oppgåver, gjerast for fyrste gong, og det skulle etablerast system for det. Vi leverte òg den fyrste DKS-rapporten vår, eit omfattande arbeid levert av forskings- og utviklingsavdelinga vår. Vi har òg oppretta og innleia samarbeid med tilskotsmottakarar og andre DKS-aktørar over heile landet, i dei store utviklingsprosjekta våre. Kritiske faktorar her har vore å etablere alle prosjekta samstundes og å inkludere samarbeidspartnarar på ein god måte.

### Effektivisering og verdiskaping

Effektivisering og betre ressursfordeling for å frigjere midlar til kjerneaktivitetar har vore ein vesentleg del av prioriteringane våre. Ved utgangen av 2017 var Kulturtanken bemanna med 45 årsverk. Ved utgangen av 2018 er etaten bemanna med 40,2 årsverk. Ei slik nedbemanning gir totalt ein effektiviseringsvinst som gjer at Kulturtanken i 2019 står rusta til å oppfylle krav om digitalisering, ta att etterslep på arkiv frå Rikskonsertane, gjennomføre finansiering av DKS-portalen og bidra til kjerneaktivitetane i DKS-ordninga. Den viktigaste effektiviseringsvinsten vi kan ta ut, er å ha rett kompetanse til det nye oppdraget vårt, og til eit framtidig endra arbeidsliv. Kulturtanken er bemanna med kompetanse innanfor HR, økonomi, IKT, arkiv, kunst, kultur, forsking, skule, kommunikasjon, produksjon og arrangementsavvikling og digitalisering og teknologi. Behov vi elles avdekkjer i sourcing-strategien vår, kjøper vi inn etter behov.

Gjennom spesialisering jobbar vi profesjonelt med produktivitetsforbetring. DKS-portalen med nytt fagsystem er eitt døme, skyløysingar eit anna, eller FoNT – eit samarbeidsprosjekt om Formidling ved bruk av Ny Teknologi, som omfattar fleire fylke, kommunar og andre DKS-aktørar, til dømes Munchmuseet.

DKS-portalen som vi lanserer i år, er eit døme på tiltak som gir effektivisering og lågare administrative kostnader for alle. Han vil gi ein enklare, meir oversynleg og tidssparande kvardag for utøvarar. For DKS-planleggjarar vil han vere eit verktøy for planlegging, publisering og evaluering. Kulturkontaktane og lærarar vil vere sikra god og relevant informasjon om tilbodet og vil få eit betre grunnlag for data til rapportar og statistikk som gir kunnskap om Den kulturelle skulesekken.

Det er summen av ulike tiltak som på sikt vil gi ei monaleg kvalitetsforbetring på statistisk materiale i DKS, og på kvalitetsarbeidet med Den kulturelle skulesekken generelt. Det er ein viktig jobb som vi står klare til å ta i år – slik at vi kan sikre at endå fleire elevar får oppleve profesjonell kunst og kultur i skulen, og Kulturtanken kan bidra til at Den kulturelle skulesekken vidarefører og utviklar Noreg til ein leiande kunst- og kulturnasjon for born og unge.



Lin Marie Holvik, direktør i Kulturtanken




*KORKJE FUGL ELLER FISK – Statsminister Erna Solberg fekk testa eigne kunstnariske dugleikar på DKS-miniverkstad, der ho laga kunst av plast henta frå havet. Miljøkunstnarane Astor Andersen og Kari Prestgaard står bak produksjonen «Verken fugl eller fisk» saman med DKS Vestfold.*

# Formål og organisering av verksemda

Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Noreg er ein fagetat under Kulturdepartementet, med forvaltnings- og utviklingsansvar for ordninga Den kulturelle skulesekken (DKS), kjernen i regjeringa sin politikk for kulturformidling til born og unge i skulen. Gjennom DKS-ordninga møter skuleelevar profesjonelle kunstnarar, og dei opplever, vert kjende med og utviklar forståing for kunst og kultur av høg kvalitet. Kulturtanken er underlagd eit mandat som er fastsett av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap, og omfattar forvaltning, utvikling, koordinering og forsking.
Kulturtanken er organisert som ei eining med kontor i Oslo. Etaten har tre fagavdelingar. I tillegg har Kulturtanken ei fagovergripande avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt.
Avdeling for organisasjon og forvaltning har ansvar for tilskotsforvaltning, IKT, innkjøp, juridiske spørsmål, HR og drift. Det er òg i denne avdelinga utviklinga og ansvaret for innovasjonsprosjektet DKS-portalen ligg. Avdelinga har òg ansvar knytt til samarbeid og koordinering av og med alle tilskotsmottakarane, inklusiv dialogsamtalar, spørsmål i samband med DKS-ordninga lokalt og nasjonalt og utvikling av nye system i samband med regionreforma.
Avdeling for forsking og utvikling har ansvar for å bidra til eit større kunnskapsgrunnlag om DKS-ordninga i samarbeid med eksterne fagmiljø gjennom å initiere forsking, ta ansvar for å samle forskingsfeltet for kunst og kultur til, for og med born og unge, og dessutan løfte og klargjere kvalitets- og formidlingsomgrepet i DKS spesielt. Vidare har avdelinga ansvar for statistikk, utgreiingar og analyse og for å byggje opp og tilby tenester i Kunstlaben, Kulturtankens teknologilaboratorium i samarbeid med avdeling for kunst, kultur og skule.
Avdeling for kunst, kultur og skule jobbar direkte med kunst- og kulturfelta og samarbeider med kulturskulen og tallause DKS-aktørar. Her ligg òg ansvar for store utviklingsprosjekt knytte til elevmedverknad og skuleleiing, og prosjekt som ser på samanhengen mellom kunst, kultur og skule. Ansvar for nasjonale konferansar ligg òg her.
Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt har ansvar for intern og ekstern kommunikasjon og for å bidra til at Kulturtanken er orientert mot omgivnadene og har god kontakt med aktørane i og omkring DKS.

## Organisasjonskart 2018






# Presentasjon av utvalde hovudtal

Ved utgangen av 2018 hadde Kulturtanken 40,2 årsverk, medan talet på årsverk ved inngangen til 2017 var 45. Kulturtanken følgjer kontantprinsippet slik det går fram av økonomiregelverket, jf. prinsippnote i del 6 i årsrapporten. For 2018 var utgiftsløyvinga frå KUD til Kulturtanken på kr 92,2 mill. Kontantrekneskapen for 2018 syner driftsutgifter på kr 86,2 mill., som inneber mindre utgifter i 2018 på kr 6,0 mill. Vidare viser inntektssida inntekter på kr 19,6 mill., som er kr. 4,9 mill. under ramma på kr 24,2 mill. Samla mindreforbruk i 2018 utgjer til saman kr 1,2 mill. Hovudforklaringa på mindreforbruket er bortfall av inntekter etter avviklinga av aktivitetane til Rikskonsertane, dette er nærmare forklart i punkt 6 i årsrapporten.

| Tildeling/ regnskap | 2018 | | 2017 | | Endring 2018/2017 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tildelt | Regnskap | Tildelt | Regnskap | Tildeling | Regnskap |
| Utgift | kr 92 221 000 | kr 86 198 679 | kr 109 127 000 | kr 105 807 320 | -kr 16 906 000 | -kr 19 608 641 |
| Inntekt | kr 24 215 000 | kr 19 360 078 | kr 23 578 000 | kr 21 905 254 | kr 637 000 | -kr 2 545 176 |
| **Netto** | **kr 68 006 000** | **kr 66 838 601** | **kr 85 549 000** | **kr 83 902 066** | **-kr 17 543 000** | **-kr 17 063 465** |

### Fordeling av tippemidlar

Kulturtanken forvalta i 2018 kr 285 millionar til fordeling frå overskotet til Norsk Tipping – alle midlane vart fordelte til Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2018/2019. Av desse midlane vart kr 256 millionar fordelte til fylkeskommunane, og kr 29 millionar til direktekommunane i ordninga. Av midlane som vart fordelte til fylkeskommunane, utgjorde øyremerkte midlar til skulekonsertordninga kr 30,9 millionar. Skulekonsertordninga vart avslutta sumaren 2018.



# Fordeling kr 285 millionar til DKS 2018/2019



- Østfold fylkeskommune,  kr 14 934 887
- Akershus fylkeskommune, kr 18 909 043
- Asker kommune, kr 1 836 474
- Bærum kommune, kr 3 689 103
- Eidsvoll kommune, kr 692 859
- Lørenskog kommune, kr 1 087 186
- Ås kommune, kr 548 827
- Oslo kommune, kr 19 782 268
- Hedmark fylkeskommune, kr 12 341 326
- Oppland fylkeskommune, kr 12 026 356
- Buskerud fylkeskommune, kr 15 108 371
- Vestfold fylkeskommune, kr 12 565 051
- Telemark fylkeskommune, kr 10 618 817
- Aust-Agder fylkeskommune, kr 8 365 909
- Vest-Agder fylkeskommune, kr 11 257 540
- Rogaland fylkeskommune, kr 18 572 685
- Karmøy kommune, kr 1 426 044
- Stavanger kommune, kr 3 541 950
- Hordaland fylkeskommune, kr 18 911 086
- Bergen kommune, kr 5 986 112
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, kr 9 766 395
- Møre og Romsdal fylkeskommune, kr 15 409 581
- Trøndelag fylkeskommune, kr 23 151 647
- Trondheim kommune, kr 4 150 472
- Nordland fylkeskommune, kr 16 071 992
- Bodø kommune, kr 1 445 578
- Troms fylkeskommune, kr 9 626 048
- Tromsø kommune, kr 2 864 766
- Finnmark fylkeskommune, kr 8 605 727
- Alta kommune, kr 1 705 902





*PIKSEL – ei popup-utstilling i skulegarden, der elevane set saman runde prikkar eller pikslar, som vert til eit bilete ein kan sjå høgt frå lufta. På slutten av workshopen får elevane sjå sitt eige kunstverk filma med ein drone.*
*Produksjonen er laga av DKS Buskerud, Haugen/Zohar Arkitekter og Buskerud Kunstsenter.*

# 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

**Dei samla aktivitetane til verksemda i 2018 har i stor grad handla om å etablere system og rutinar, som risiko- og verksemdsstyring, ny strategiplan og tiltak gjennom store samarbeidsprosjekt, og om å etablere DKS-portalen. Det har vore eit år med særs høgt aktivitetsnivå, spesielt eksternt gjennom 26 ulike konferansar og seminar rundt om i landet i løpet av året. Etaten har samla sett levert godt på resultatmål, sett i lys av at det framleis er ein «ung» organisasjon som har mange organisatoriske utfordringar, og som framleis er under etablering.**



# Mål 1: Effektiv og god forvaltning og styringsstruktur i Den kulturelle skulesekken

## Styrings- og rapporteringssystem – oppnådde resultat

### Hovudprosjekt for ny portal for den kulturelle skulesekken er finansiert og etablert

Konsulentselskapet Rambøll konkluderte i sin rapport «Utredning av administrativt system for Den kulturelle skolesekken» (2015) med at det er behov for eit heilskapleg IT-system for heile Den kulturelle skulesekken (DKS). I 2017 leverte Kulturtanken forprosjektet sitt for eit slikt nasjonalt heilskapleg IT-system, ein nasjonal DKS-portal og nytt fagsystem. Hovudprosjektet vart sett i gang primo 2018, og mellom andre Rambøll har hjelpt Kulturtanken med forenkla samfunnsøkonomisk analyse og vinstberekning og med å utforme søknad om medfinansiering.
Dette innvilga Difi, og DKS-portalen har no dekt inntil 50 prosent av prosjektkostnadene. Medfinansieringa utgjer om lag 9 millionar. Den attståande finansieringa vert dekt av Kulturtankens eige driftsbudsjett over ein treårsperiode. Prosjektet er òg behandla i Digitaliseringsrådet, som gav Kulturtanken gode råd til vidare gjennomføring.
Etter ein utlyst anbodskonkurranse inngjekk Kulturtanken i 2018 ein avtale med Netpower om utvikling av portal og fagsystem for DKS. Det er i tillegg inngått ein avtale med konsulentselskapet Tiger Consulting, som bidrar til å sikre anskaffingsprosessen og leveransen frå Netpower.
Styringsgruppa for prosjektet består av leiinga i Kulturtanken, representantar frå fylkeskultursjefane og IT-sjefane i fylka, begge oppnemnde av KS, og leverandøren.
Prosjektet har ein eigen blogg, som sikrar god informasjon og dialog mellom aktørane. Kulturtanken har lagt til rette for medverknad og involvering i både forprosjektet, hovudprosjektet og utarbeidinga av avtalegrunnlaget. Dette er mellom anna gjort gjennom ulike arbeids- og ressursgrupper. Det har vore tett samarbeid mellom Kulturtanken og tilskotsmottakarane gjennom heile prosessen. Kulturtanken har erfart eit stort engasjement og har fått gode tilbakemeldingar frå ulike interessentgrupper.

### Nye fordelingsnøklar for DKS-ordninga er klare til bruk

Tilskotsmidlane for Den kulturelle skulesekken vert fordelte til fylka og direktekommunane etter ein fordelingsnøkkel der desse variablane inngår: elevtal i grunnskule og vidaregåande skule, geografiske avstandar og infrastruktur. Ein viktig føresetnad for arbeidet med utvikling av ny fordelingsnøkkel har vore å sikre likskapsprinsippet nedfelt i St.meld nr. 8 (2007–2008).
Etter ein anbodskonkurranse fekk konsulentfirmaet Vista oppdraget med å vurdere dagens berekningsmodell og foreslå alternative modellar. Brukarutvalet for økonomi har teke del i arbeidet ved å kommentere veikskapar og aktuelle målkonfliktar i dagens ordning. Vidare har dei gitt innspel til forbetra fordelingsnøkkel. Vista la fram fyrste utkast til nye modellar i slutten av 2018. Etter planen skal nytt berekningsgrunnlag takast i bruk skuleåret 2020/2021, slik at det samsvarar med regionreforma. Endeleg modell vil verte ferdigstilt i 2019.

## System for styringsdialog med tilskotsmottakarar er implementert

System for styringsdialog vart implementert, sett i verk og prøvd ut for fyrste gong i 2018. Eit slikt system skal sikre god dialog mellom Kulturtanken og tilskotsmottakarar og bidra til systematisk mål- og resultatstyring. Kulturtanken som tilskotsforvaltar har eit særskilt ansvar for å leggje til rette for gode prosessar. Etaten har definert styringssystemet som ei samlenemning på styringsdokument, rapportar og møte av styringskarakter. Det er peika ut fem hovudaktivitetar som dannar grunnlaget for styringsdialogen:

1 førebels og endeleg tilskotsbrev
2 årleg rapportering frå tilskotsmottakarar om måloppnåing
3 dialog om status, avklaringar, gjensidig erfaringsoverføring
4 årleg rekneskapsrapportering
5 publisering av årleg DKS-rapport

Kvar av hovudaktivitetane følgjer fasane planlegging, gjennomføring, evaluering og iverksetjing av tiltak. Kontinuerleg læring og utvikling er ein del av dette arbeidet. Ved utvikling av nytt system har brukarmedverknad vore sentralt. Arbeidsutvalet for fylkeskultursjefkollegiet, brukarutvalet for økonomi og tilskotsmottakarar har ved enkelte høve gitt tilbakemeldingar om innhald og ønskt arbeidsform. Form og innhald vil verte justerte både i 2019 og i 2020 etter løpande evaluering.

## Forsøk med nye fordelingsmodellar for DKS er gjennomført

Troms fylkeskommune har i 2018 sett i verk ein forsøksmodell i lag med 12 kommunar og Svalbard. I staden for å fordele midlar ut til desse kommunane beheld fylkeskommunen midlane sentralt, men då med ansvar for å produsere og organisere alle turnear, mens kommunane søkjer fylkeskommunen om det programmet dei ønskjer. Gjennom denne forsøksmodellen ønskjer ein å oppnå betre utnytting av tilskotet og å effektivisere drifta. Forsøket held fram i 2019.

# Overføring av skulekonsertar til fylke og direktekommunar. Oppnådde resultat:

## Overføringa er gjennomført, og skulekonsertordninga er avslutta

Skulekonsertordninga opphøyrde formelt 13. august 2018. Vårsesongen 2018 var den siste i soga om skulekonsertordninga, og øyremerkte midlar vart tildelte for siste gong. I samband med avvikling av ordninga vart den tilhøyrande TONO-avtalen sagd opp frå og med 1. januar 2019. Konsertutstyr frå lageret til Kulturtanken vart distribuert til tilskotsmottakarane våre etter søknad og behov.





*Formiddagspunk med feministisk trøkk. Elevar ved vidaregåande skular i heile Buskerud vart i haust vitja av Sløtface*

# Mål 2:
# Høg kunstnarisk og formidlingsmessig kvalitet på tilbodet i Den kulturelle skulesekken innanfor alle kunstretningar, som samspeler med læreplanane i skulen



1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

## System for arbeid med kvalitet og formidling
## Oppnådde resultat:

### Rådgivande ressursgrupper frå alle kunst- og kulturuttrykk er etablerte

Kulturtanken har ressursgrupper knytte til kvart av dei seks kunst- og kulturfelta som er representerte i DKS (film, musikk, litteratur, scenekunst, visuell kunst og kulturarv). Ressursgruppene fungerer som rådgivande organ for den fagansvarleg tilsette på det respektive fagområdet og skal sikre god forankring i eit breitt kultur- og samfunnsliv. Gruppene skal diskutere kvalitet og uttale seg om dagens tendensar og kva for behov framtida vil bringe innanfor dei respektive fagområda i DKS. Gruppene har 4 medlemmar kvar og skal møtast to gongar i året, i tillegg til å ha løpande kontakt ved behov.
Medlemmane i ressursgruppene skal representere breidda i feltet og vere fagpersonar med ulike band til DKS. Erfaringa representerer samla både kunst- og kultursektoren og utdannings- og forskingssektoren. I 2018 vart ressursgrupper for visuell kunst, litteratur, musikk, scenekunst og kulturarv etablerte.
Ressursgruppe for skule og for samisk kunst og kultur er under etablering i februar 2019. Ressursgruppe for film og dataspel og for mangfald skal etter planen etablerast i løpet av 2019.
Kulturtankens fagråd er etablert av Kulturdepartementet i fellesskap med Kunnskapsdepartementet. Fagrådet skal gi råd om arbeidet med DKS på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Rådet består av totalt åtte medlemmar, fire oppnemnde frå kvart departement, i tillegg til ein leiar. Rådet møtest minimum tre gongar i året.
Kulturtankens fagråd hadde til saman tre møte i 2018. Eitt av desse møta var ein felles fagdag for tilsette i Kulturtanken og medlemmane i fagrådet. Temaa for dei andre møta var læreplan og Kulturtankens kvalitetsprosjekt.

### Forprosjekt for kvalitet og formidling i DKS-ordninga er gjennomført

Forprosjekt for kvalitet og formidling vart etablert i 2018 og har undersøkt moglegheiter for å utvikle arbeidet med og forståinga av kvalitet i DKS. Dette er gjort gjennom to hovudtiltak:

A) Utføre ei kartlegging av det systematiske arbeidet med kvalitet hos tilskotsmottakarane (initiering, programmering, produksjon, mottakarkvalitet og evaluering). Kartlegginga har bestått av to fasar: 1) gjennomgang av aktuelle arkiv, forskingsrapportar og nettsider, 2) telefonsamtalar med representantar frå alle tilskotsmottakarar. Rapporten skal gjerast ferdig i løpet av mars 2019.
B) Utforske moglegheita for ei framtidig utarbeiding av kvalitetsprinsipp for DKS. Arbeidet er inspirert av arbeidet Arts Council England (ACE)har gjort med Quality Principles og Quality Metrics. Våren 2018 besøkte Kulturtanken ACE i London for å lære meir om deira arbeid og korleis samarbeidspartnarane deira bruker prinsippa. 8. november arrangerte Kulturtanken ein nasjonal konferanse om kvalitet i kunst og kultur til born og unge som presenterte og problematiserte kvalitetsomgrepet og kvalitetsforståingar. Mellom anna vart ACE invitert for å presentere sitt arbeid, og professor Trine Bille vart invitert som kritisk motstemme. 9. november arrangerte Kulturtanken ein workshop der deltakarane kunne vere med på å formulere kvalitetsprinsipp for DKS. Resultata frå workshopen dannar grunnlaget for vidare framdrift fram til avslutning av fyrste fase i prosjekt om kvalitet og formidling i 2021.

*Lars er LOL.* Teatret Vårts oppsetjing med Line Brå Johansen har utvikla ein eigen app til nettbrett for etterarbeid i skulane.



# 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

## Forsøk med nye formidlingsmodellar ved bruk av teknologi

### Teatret Vårt, Møre og Romsdal

Regionteateret i Møre og Romsdal, Teatret Vårt, har ei unik satsing på digitale verkemiddel i scenekunstproduksjon for målgruppa born og unge. I 2018 har Teatret Vårt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Kulturtanken samarbeidd om å utvikle eit digitalt formidlingsopplegg knytt til borneframsyninga *Lars er LOL*. Prosjektet *Lars er LOL / Hvem er du?* undersøkjer om det å utforme etterarbeid i form av eit interaktivt spel kan engasjere elevane til å delta på eiga hand, uavhengig av tidsprioriteringane til skulen og læraren. Spelet *Hvem er du?* er laga som ein mobil-app som isceneset ein «kunstig intelligens» som har teke namnet Marius. Spelet har som mål å late elevane sjølve få eigne erfaringar med å ta val, for slik å skape rom for ein djupare refleksjon over tematikken i *Lars er LOL*. I staden for klasseromsdiskusjonar får elevane her tilbod om eit refleksjonsrom i ein-til-ein-interaksjon med den «kunstige intelligensen» i spelet, som i chat med elevane prøver å lære seg noko om kjenslene, etikken og relasjonane til menneska. Vi er nysgjerrige på korleis etterarbeidet vil verke inn på teateropplevinga, og korleis elevane deltek i refleksjonsrommet som spelet opnar. Appen kan lastast fritt ned og skal følgje framsyninga på turné i Den kulturelle skulesekken.

### «Trylle på ekte», Aust-Agder

I prosjektet *Trylle på ekte* undersøkjer DKS Aust-Agder i samarbeid med Kulturtanken korleis ein digital og interaktiv formidlingsmodell utvikla av Kids' Own i Irland kan fungere i DKS. Formidlingsmodellen tek i bruk videosamtalar for at ein klasse og ein kunstnar skal kunne interagere over tid, i både korte og lange økter, utan at dei treng å flytte seg fysisk. Modellen kan representere eit berekraftig alternativ for kunstnarar med nasjonale og internasjonale karrierar som vil formidle kunst gjennom DKS-ordninga. Det er eit interessant prosjekt med tanke på nye typar samarbeid som kan oppstå mellom lærar og kunstnar, men òg med tanke på korleis skuleelevar opplever møtet med kunstnaren via videosamtalar. Våren 2019 skal Hisøy skole og Eydehavn skole vere med på *Trylle på ekte* og følgjast gjennom semesteret av kunstnarane Erik Pirolt, Bettina Hystad og Simon Lerin.

### Foreningen !les

I samarbeid med Foreningen !les vert det utvikla ei auditiv forteljing som er interaktiv og stadsspesifikk. Nesten 130 000 ungdomsskuleelevar deltek i den årlege tXt-aksjonen til Foreningen !les og får utdelt ein antologi med utdrag av årets bokutgivingar for målgruppa. I denne piloten undersøkjer vi korleis teknologi kan brukast til å skape nysgjerrigheit og leselyst. Elevane skal leiast gjennom skulebygget og inn i ei interaktiv forteljing som er skriven av Christian Marstrander og Eivind Rutle og baserer seg på tekstutdraga i antologien. Der vert dei leia inn i eit mysterium som den vakne lyttaren vil kunne løyse. Vi testar ut ei teknisk løysing som baserer seg på appen Look & Listen, og undersøkjer korleis ein podkast kan gi ei stadsspesifikk litterær oppleving. Eit hovudmål er å skape leselyst.

## Produksjons- og formidlingskurs i DKS

Samarbeidsprosjektet *Produksjons- og formidlingskurs* er eit tilbod til nye produsentar i DKS. Tre tilskotsmottakarar melde interesse. Prosjektet vart utforma slik at det skulle haldast dialogiske kvalitetssamtalar i kvart fylke. Kulturtanken starta i 2018 utviklinga av kvalitetsprinsipp for Den kulturelle skulesekken. Prinsipp av både formidlingsmessig og kunstnarisk karakter er under utarbeiding. Sidan ein ventar på desse, vart ikkje prosjektet *Produksjons- og formidlingskurs* fullført i 2018.

# 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

## Utvalde prosjekt om kvalitet i DKS

### Kunsttanken KunstLab

Kulturtanken har i 2018 vidareutvikla KunstLab – ein praksisorientert lab. Formålet er todelt: Laben skal både vere ein stad der aktuelle kunst- og kulturprosjekt vert testa ut, og vere med på å synleggjere spennande pilotprosjekt for og i DKS. Ei rekkje ulike demoar er gjennomførte, og arbeidet med å vidareutvikle laben vil halde fram i åra som kjem. Døme på pilotar som vart utvikla i 2018, er:

**I fremtiden bor vi under vann**

Piloten *I fremtiden bor vi under vann* med Jennie Bringaker og Erlend Hogstad tek i bruk virtual reality (VR) i ein workshop der medskapinga til elevane står i sentrum og utfaldar seg på tvers av fysiske og digitale format. Ved bruk av 3D-skannar, programmet UnReal og VR-briller går kunstprosjektet i dialog med den digitale kulturbruken til unge. Samtidig gir prosjektet høve til å erfare nye samanhengar mellom kroppen, fysiske og virtuelle rom. Ein demo av prosjektet vart gjennomført saman med elevar i 2018, og kunstnarane vidareutvikla konseptet i ein workshop på Biblo Tøyen.

**Den arktiske alven**

Saman med den samiske songaren og kunstnaren Elin Kaaven vart det utvikla ein eigen interaktiv AR-pilot med musikk og 3D-animasjon. Prosjektet er utvikla for mogleg distribusjon til alle skuleelevar i Noreg gjennom ein kombinasjon av fritt distribuert app og fysiske spelkort som fungerer som «markers»/utløysarar for interaktive hendingar når ein ser på dei gjennom skjermen på ein smarttelefon.

### DiSko

Forskingsprosjektet *Skole og konsert – fra formidling til dialog* (DiSko) er eit fireårig samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (2016–2020) støtta av Noregs forskingsråd med 6,0 millionar kroner. DiSko er eit innovasjonsprosjekt der ein ønskjer å handtere utfordringane knytte til eigarskapen skular, elevar og lærarar har til skulekonsertar, og til korleis dei integrerer skulekonsertar. I 2018 vart sirkel 1 med aktivitetar på fire vestlandsskular avslutta, og ein starta planlegginga av sirkel 2 på fire austlandsskular. Det vart arrangert ei samling for vestlandsskulane på Stord i januar og ei felles samling for alle skulane og musikarane på Jeløya i november. I september 2018 vart det òg arrangert ein utøvar-workshop i Kulturtanken med 27 deltakarar under leiing av spesialistar frå Storbritannia. Stillingar som musikarar i sirkel 2 vart utlyste hausten 2018, og 12 musikarar er engasjerte for 2019–2020. Produksjonsrapport 1 (inkl. beredskapsdokument) og to masteroppgåver om DiSko er leverte i 2018. Prosjektet har eiga heimeside:
www.diskoprosjektet.no.

### Lunsjseminar

Kulturtanken har i 2018 halde fram med å utvikle konseptet med korte seminar/foredrag for strøyming. Formålet med dette formidlingstiltaket er å presentere aktuelle kunstprosjekt, forskingsprosjekt og resultat til DKS-nettverket og andre interesserte. Seminara er opne og vert strøymde via heimesidene til Kulturtanken og Facebook. Etter strøyming gjer vi videoopptaket tilgjengeleg på heimesidene våre. Desse presentasjonane vart haldne i 2018:

**Petr Svarovsky**, kunstnar og programmerar: *Apper og spill for smarttelefon*

**Tonya Nelson** er direktør for museum og samlingar ved University College London (UCL): *Når kulturfeltet møter digitaliseringen – hva står på spill?*

**Scott Rettberg**, professor i digital kultur ved Universitetet i Bergen: *Elektronisk litteratur – nye opplevelsesformer*

**Universitetet i Agder ved Lisbet Skregelid**, seminar: *Dissens og kritikk i kunstformidling for barn og unge*



*KUNSTLAB – Kulturtankens KunstLab vert brukt som testlab for nye DKS-produksjonar med fokus på digital formidling og seminar som vert strøymde direkte.*



*DiSKo-prosjektet (Skole og konsert – fra formidling til dialog) inviterte til workshop for utøvarar med regissør og koreograf Struan Leslie.*




*LUNSJSEMINAR. Tonya Nelson heldt foredraget Når kulturfeltet møter digitalisering – hva står på spill? på årets siste lunsjseminar.*



*LITTERATUR. Elevar i Bærum fekk oppleve litteratur med VR-teknologi då forfattar Christian Marstrander presenterte boka «Så hyggelig!». Prosjektet er ein pilot i litteraturformidling ved hjelp av ny teknologi i Den kulturelle skulesekken og eit samarbeid mellom Kulturtanken og Den kulturelle skulesekken i Bærum.*

# 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

## Utvalde prosjekt om kvalitet i DKS

### Internasjonalt samarbeid og publikasjonar

FoU-avdelinga fekk inn ein forskingsartikkel med tittelen «Digital Arts for Young Audiences?» på ISEA 2018-konferansen (International Symposium of Electronic Arts). ISEA representerer det største internasjonale kunstnarnettverket med fokus på nye, digitale og elektroniske medium. I samband med framlegginga av artikkelen har det oppstått samarbeid med tanke på å etablere ei eiga fokusgruppe for born og unges bruk og oppleving av digital kunst. Dette held fram i 2019.

I samband med den 12. nordiske konferansen for kunsthistorikarar i København fekk vi lov til å presentere denne artikkelen: «Making arts speak for the young audience of digital natives».

### Kunsttanken KunstLab

Kulturtankens fagansvarlege for musikk, Morten Brenne, er medlem av styringsgruppa for YAMawards. YAM (Young Audiences Music) er eit av programma til Jeunesses Musicales International (JMI) – verdas største internasjonale nettverk for musikk og ungdom. Årleg når JMI meir enn 5 millionar unge menneske gjennom 36 000 nasjonale og internasjonale aktivitetar innan alle sjangrar i 55 land. Kulturtanken var i 2018 medprodusent i stykket *Skyggespill,* som vann YAMawards både for beste store ensemble og for årets produksjon.

### Produksjons- og formidlingskurs i DKS er utvikla

Samarbeidsprosjektet *Produksjons- og formidlingskurs* er eit tilbod til nye produsentar i DKS. Tre tilskotsmottakarar melde interesse. Prosjektet vart utforma slik at det skulle haldast dialogiske kvalitetssamtalar i kvart fylke. Kulturtanken starta i 2018 utviklinga av kvalitetsprinsipp for Den kulturelle skulesekken. Prinsipp av både formidlingsmessig og kunstnarisk karakter er under utarbeiding. Sidan ein ventar på desse, vart ikkje prosjektet *Produksjons- og formidlingskurs* fullført i 2018.

### YAM (Young Audiences Music)

Kulturtankens fagansvarlege for musikk, Morten Brenne, er medlem av styringsgruppa for YAMawards. YAM (Young Audiences Music) er eit av programma til Jeunesses Musicales International (JMI) – verdas største internasjonale nettverk for musikk og ungdom. Årleg når JMI meir enn 5 millionar unge menneske gjennom 36 000 nasjonale og internasjonale aktivitetar innan alle sjangrar i 55 land. Kulturtanken var i 2018 medprodusent i stykket *Skyggespill,* som vann YAMawards både for beste store ensemble og for årets produksjon.

# 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

## Mål 3:
## Samarbeid med kultur- og utdanningssektor om innhald og kvalitet i Den kulturelle skulesekken





## System for samarbeid og informasjonsdeling
## Oppnådde resultat:

### Auka dialog mellom skule og DKS er oppnådd gjennom **Prosjekt kulturkontakt og skoleleder**

Hausten 2017 lyste Kulturtanken ut tre samarbeidsprosjekt om skule og DKS for tilskotsmottakarar i Den kulturelle skulesekken. Gjennom auka samarbeid med tilskotsmottakarar, rektorar, kulturkontaktar, lærarar, elevar og andre DKS-aktørar skal Kulturtanken sikre betre forankring av DKS i skulen. Kulturtanken skal jobbe for betre samspel mellom tilbodet i DKS og læreplanane for skulen gjennom tre prioriterte prosjekt: *Prosjekt skoleleder, Prosjekt kulturkontakt* og *Prosjekt elevmedvirkning,* forankra i det overordna prosjektet *Prosjekt DKS-skole.* Prosjekta går over tre år, og invitasjonane vart sende gjennom tilskotsbreva frå Kulturtanken. Det var til saman ni fylkeskommunar og tre direktekommunar som melde interesse for samarbeidsprosjekta i 2018. I 2019 utvidar vi prosjekta ved å involvere fleire tilskotsmottakarar.

Samarbeidspartnarar i Prosjekt DKS-skole i 2018: Bergen kommune, Finnmark fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Lørenskog kommune, Nordland fylkeskommune, Oslo fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Telemark fylkeskommune, Troms fylkeskommune, Tromsø kommune.

Våren 2018 gjennomførte Kulturtanken ei kartlegging gjennom samtalar med tilskotsmottakarane. I september vart det avvikla eit oppstartsseminar for prosjekta, og i perioden oktober–desember vart det gjennomført dialog, møte og innsending av forslag til pilotar.

### System for informasjonsdeling mellom kultur- og utdanningssektoren er etablerte

Kulturtanken jobbar systematisk med å etablere system for informasjonsdeling mellom kultur- og utdanningssektoren gjennom dialog og møte med aktørane og seminar og konferansar der begge felt er representerte, og med informasjon på nettsidene våre og i sosiale medium (sjå talet på arrangement over).

Som eit ledd i å styrkje dei faglege produksjonsmiljøa i Den kulturelle skulesekken har Kulturtanken saman med nasjonale og lokale aktørar teke initiativ til oppstart av nasjonale visningsarenaer innan litteratur (Komma) og film (Arena for film i DKS). Innspelseminar på felta kulturarv og visuell kunst vart arrangerte i lokala til Kulturtanken i 2018, og dei fyrste visningsarenaene skal gjennomførast i 2019.
Vi har inngått samarbeidsavtalar med dei frå før etablerte visningsarenaene Marked for musikk og Marked for scenekunst, begge arrangerte av DKS Vestfold. Kulturtanken gjekk i 2018 inn med ressursar til planlegging, kommunikasjon og avvikling.

## Pilotprosjektet *Elevmedvirkning* med Kulturtankens ungdomsråd og tilskotsmottakarar er i gang

Ungdomsrådet har i 2018 hatt fire ordinære møte. I tillegg har delar av Ungdomsrådet hatt eit arbeidsmøte i tilknyting til konferansen om elevmedverknad i Bergen 7. september. Tre representantar frå Ungdomsrådet deltok og bidrog òg under konferansen om elevmedverknad i Bergen 26. og 27. september 2018.
På møta har Ungdomsrådet arbeidd med elevmedverknad i Den kulturelle skulesekken og utarbeidd forslag til pilotar om elevmedverknad i DKS. Rådet har òg arbeidd med førebudd si eiga involvering i konferansen om elevmedverknad, gitt tilbakemelding på tilskotsmottakarane sine forslag til pilotar på elevmedverknad i skuleprosjektet og gitt innspel til kulturarv og involvering i Arena kulturarv.



*Det nyetablerte Ungdomsrådet i full sving under ein workshop i Kulturtankens KunstLab.*





*VARIGE DKS-BESØK: Skulen vert dekorert med spraymåling i Rodrigo V. Lisboas heildags-workshop i street-art. Vi må leggje til at plassering og omfang vert avklara med skulane på førehand.*

## 1.3 Del III. Årets aktivitetar og resultat

**Kulturtanken gjennomførte ei rekkje konferansar og seminar retta mot det nasjonale behovet for fellesløysingar, nettverksmøte, fagleg diskurs og samarbeid mellom kultur- og skulesektoren i arbeidet med Den kulturelle skulesekken.**

### Gjennomførte nasjonale og regionale konferansar med sektorane

I mars gjennomførte Kulturtanken ein nasjonal konferanse i Stavanger med fokus på dei seks kulturuttrykka i DKS. Det kom representantar frå både tilskotsmottakarane og kunstfelta.

I 2017 initierte Kulturtanken eit prosjekt for å løfte samisk kunst og kultur i Den kulturelle skulesekken (DKS). Prosjektet går over tre år, og i april 2018 gjennomførte vi konferansen *Nasjonens stemmer, samisk kunst og kultur i DKS* på Sametinget i Karasjok. Konferansen var eit samarbeid mellom kunst- og kulturaktørar, fylke, kommunar, Sametinget og Kulturtanken.

I september vart ein nasjonal konferanse om elevmedverknad i DKS gjennomført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bergen kommune på Amalie Skram videregående skole i Bergen. Kva inneber det å ha elevmedverknad i programmering, produksjon, formidling og evaluering, og i kor stor grad ønskjer elevane sjølve å medverke? Dette er nokre av spørsmåla som vart tekne opp på konferansen. Målgruppa for konferansen var alle som jobbar med DKS i fylkeskommunar, direktekommunar og kommunar i heile landet.

*Kulturbarn 0–8* er tittelen på både eit prosjekt og ein nasjonal konferanse som fokuserer på kunst, kultur, kreativitet og kompetanse i arbeidet med dei yngste borna. Konferansen *Kulturbarn 0–8* var ein fagleg arena og møteplass for lærarar på de fire fyrste grunnskuletrinna, tilsette i barnehage og kulturskule, bibliotektilsette og kulturarbeidarar, produsentar for alle kunstartar og alle andre som er engasjerte i og opptekne av kunst, kultur, kreativitet og kompetanse for aldersgruppa null til åtte år. Konferansen vart avvikla i lokala til Kulturtanken i Nydalen og var eit samarbeid med Norsk kulturskuleråd og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa.
Ein nasjonal konferanse om kvalitet i kunst og kultur vart avvikla i lokala til Kulturtanken (Nydalen) i november. Mellom spørsmåla som vart tekne opp, var: Er det mogleg å lage nokre felles kvalitetsprinsipp for Den kulturelle skulesekken? Konferansen la særleg vekt på desse problemstillingane: Kva kvalitetsdiskursar råder i kunst- og kulturfeltet for born og unge, og korleis kan kvalitetsprinsipp bidra til utvikling og fornying av kvaliteten i DKS?
Innspelseminar for kulturarv vart avvikla i november. Målet med dette innspelseminaret var at aktørar, verksemder, forvaltning og enkeltpersonar som er eller vil verte aktive innan kulturarv i Den kulturelle skulesekken (DKS), får spelt inn sine behov, ønske og idear om feltet.

I tillegg vart det halde ei rekkje workshopar, seminar og andre arrangement. Totalt avvikla Kulturtanken 26 arrangement i 2018.




*Kulturminister Trine Skei Grande opna FoU-konferansen i Nydalen*



*KVALITET. FoU-konferansen Kvalitet i kunst og kultur til barn og unge gjekk av stabelen i november, med gjestar frå mellom anna Arts Council i England.*



*NY TEKNOLOGI. Kunstnar Jennie Bringaker eksperimenterer med bruken av tradisjonelle materiale og ny teknologi i kunst- og kulturformidling, som pilot i prosjektet «Formidlingsmodeller og Ny Teknologi (FoNT)».*




*SAMTALAR. I haust deltok over 70 personar på heildagssamtalar om fagområda scenekunst og visuell kunst i Den kulturelle skulesekken (DKS).*




*KULTURARV. Kulturtanken inviterte i september til innspelskonferanse om kulturarv i Den kulturelle skulesekken, leia av fagansvarleg på feltet, Bente Aster.*



*ALMIR OG PUFFENE – Almir Meskovic speler trekkspel og bruker loop-pedal for å lage eit meir avansert lydbilete. Lysboksane elevane sit på, skiftar farge i tråd med musikken.*



*NASJONENS STEMMER – konferanse på Sametinget i Karasjok markerte startskotet for fokus på samisk kunst og kultur i DKS.*

## 1.4 Del IV. Styring og kontroll i verksemda

**Erfaringane frå 2018 var spesielt viktige for utvikling av erfaringsbaserte arbeidsformer. I 2018 prioriterte Kulturtanken å innføre heilskapleg mål- og risikostyring. Arbeidet med verksemdsplanen vart i sterkare grad knytt til forståinga av heilskapleg målrekkje i staten. Dei ulike avdelingane i etaten jobba aktivt med å definere kjerneoppgåver, stillingsbeskrivingar og risikovurderingar. Dette arbeidet gav resultat i form av nye tiltak og rutinar.**

**Kulturtanken har hatt fokus på haldningsarbeid der det å melde inn avvik vert opplevd som ei moglegheit for vidareutvikling og forbetring.**

### Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde sin årlege revisjon av økonomien og rekneskapen til Kulturtanken. Kulturtanken fekk ingen merknader i 2018.

### Tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet starta i 2018. Arbeidslivskriminalitet er tematisert i den overordna anskaffingsstrategien til etaten. Dei tilsette følgjer retningslinjer og rettleiing frå Difi ved inngåing av nye avtalar og tek i bruk standardmalar. Det står att ei systematisk oppfølging av leverandørtenester. Oppfølginga må skildrast i ein rutine før etaten kan gå over kontrolltiltak slik det er skildra i *Rundskriv til fellesføring i tildelingsbrevene* for 2018. Vidare arbeid vil verte prioritert i 2019.

### Digitalisering

Kulturtanken har utarbeidd ein sourcing-strategi. Ved endring i aktivitetar skal verksemdsleiinga vurdere kva som er ei verksemdsspesifikk kjerneoppgåve, og konkurranseutsetjing skal vurderast. Denne vurderinga skal òg dokumenterast ved hjelp av sjekklister og ei eigenerklæring.

Dei viktigaste effektiviseringsvinstane for 2018 er knytte til arbeidet med ny nasjonal DKS-portal og nytt fagsystem. Ein reknar med at prosjektet vil gi ein samfunnsøkonomisk vinst på 100 millionar over ein tiårsperiode. Dette vil komme tilskotsmottakarane til gode. Kulturtanken vil i tillegg forenkle arbeidet sitt med å hente inn kvalitetssikra data.

Bruk av heilskaplege digitaliserte løysingar er eit fokusområde. Kulturtanken bruker skytenester på ei rekkje område som kontorstøtte, datalagring og videostrøyming. Bruken av videokonferansar bidreg til å effektivisere tidsbruken og gir miljøvinstar.

Overgang til digital postkasse er i klargjeringsfasen. Etaten har i tillegg bestilt skytenester for arkivet.

Tenesta vil sikre jamlege oppdateringar og gjere arkivet meir tilgjengeleg. På lengre sikt vil løysinga redusere driftskostnadene. Dette vil skje i samband med ei nedbygging av dagens lokale infrastruktur.

### Opne data

Innsamling og kvalitetssikring av DKS-relaterte data er ei av dei sentrale oppgåvene til Kulturtanken. Desse opplysningane vert publiserte i den årlege SSB-statistikken. Kulturtanken fekk ikkje publisert samanliknbare data til SSB for 2017. Dette heng saman med usikre tal frå 2016, året for overgangen til ny verksemd. I samarbeid med SSB skal det utarbeidast nye tabellar for 2019. Formålet er å gi tilgang til meir lesarvennlege data, spesielt etter regionreforma i 2020.

Kulturtanken har i tillegg ein årsrapport for DKS, der dei ulike funna vert samanlikna og kommenterte. Ein gir òg tilgang til statistikk og data til andre samfunnsaktørar, til dømes forskings- og utdanningssektoren. DKS-portalen skal i framtida kunne levere opne data.

Offentleg journal på nett er planlagd gjennomført som eit ledd i oppgraderinga av arkivsystemet.

### Personvern

For å sikre at verksemda etterlever den nye personopplysningslova, vart det i 2018 nedsett ei arbeidsgruppe. Gruppa gjekk mellom anna gjennom ulike databasar som inneheld personopplysningar. Desse vart kvalitetssikra, og systema vart tilpassa krava. Ei personvernerklæring er publisert på heimesidene til etaten. Det vart òg utnemnt eit personvernombod. Informasjon om lovendringane, ny rutine for handtering av personopplysningar vart innført og presentert for dei tilsette.



### Samfunnstryggleik og beredskap

Kulturtanken gjennomførte ei beredskapsøving med brann og evakuering som tema. Erfaringane frå øvinga vart brukte til å revidere beredskapsplanen til etaten. Risiko- og sårbarheitsanalysen vart vurdert på nytt.

### Informasjonstryggleik

Kulturtanken utarbeidde sitt system for informasjonstryggleik i 2018, og det er klart til godkjenning. Arbeidet inkluderer risikovurdering og kartlegging av tiltak. Tilgangsstyring, fysisk sikring og brukarkultur er tema som vert tekne opp jamleg. Det er laga ein eigen rutine for handtering og behandling av avvik.

### Personalpolitikk

Mange tilsette har òg i 2018 jobba med avvikling av tidlegare oppgåver knytte til Rikskonsertane, parallelt med nye oppgåver. I periodar har arbeidsplassen vore prega av dette. Det har òg vore ei utfordring å sikre tilstrekkeleg grad av ressursar og kompetanse i overgangsfasen til ny organisasjon og å setje av nok tid til å verte samde om ei felles forståing av felles oppdrag knytte til balansen mellom kunst, kultur og skule i det nye oppdraget til Kulturtanken. Dette vil verte prioritert i 2019.

Kulturtanken har gode rutinar for oppfølging av sjukefråvær. HMS-planen vert revidert årleg, og denne planen dannar grunnlaget for arbeid med helsefremjande arbeidsmiljø. Medarbeidarhandbok og leiarhandbok er reviderte og gjorde tilgjengelege for dei tilsette. Rutinane er tilpassa den nye verksemda. Det er framleis behov for å tilpasse enkelte lokalavtalar til dagens verksemd.

Etaten har gode rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold, i samsvar med arbeidsmiljølova § 2 A-3.

Arbeidsmiljøutvalet har vore involvert i utarbeidinga av rutinen.

Tilsette i Kulturtanken har medverka og teke del i utforming av etiske retningslinjer som vart ferdige i 2018. Kulturtanken oppmodar på heimesidene sine til nulltoleranse for seksuell trakassering i DKS-ordninga. Kulturtanken har òg signert retningslinjer for å kjempe mot seksuell trakassering i film-, TV-, spel- og scenekunstbransjane.

Kulturtanken har etter omlegging av Rikskonsertane valt å behalde eit arbeidsmiljøutval sjølv om kravet om utval ifølgje lova gjeld verksemder med over 50 tilsette.

### Tiltak for å auke talet på lærlingar i staten

Kulturtanken er knytt til Opplæringskontoret for statlege verksemder. Verksemda vart 22. desember 2017 godkjend lærebedrift for kontor- og administrasjonsfag og IKT-servicefag. Hausten 2018 tilsette Kulturtanken sin fyrste lærling i kontor- og administrasjonsfaget.

# 1.4 Del IV. Styring og kontroll i verksemda

### Ny likestillings- og diskrimineringslov

Personalpolitikken til Kulturtanken byggjer på likeverd for medarbeidarane uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, religion, kulturelle forskjellar og seksuell orientering. Kulturtanken er ei IA-bedrift som legg til rette for medarbeidarar med spesielle tilretteleggingsbehov. Kulturtanken har eit bevisst mål om å rekruttere medarbeidarar med fleirkulturell bakgrunn. I 2018 vart det gjennomført tre rekrutteringsprosessar. Ein av dei som vart tilsett, har fleirkulturell bakgrunn. Den nye lokale lønspolitikken til Kulturtanken presiserer òg prinsippet om likeløn mellom kvinner og menn. Vi har òg jobba med profesjonalisering av rekrutteringsprosessen for å førebyggje diskriminering og auke inkludering og mangfald.

HR har utvikla ei leiarhandbok som skildrar inkluderingsdugnaden. Ei utfordring med rekruttering av denne gruppa er at det er vanskeleg å få informasjon om søkjaren har nedsett funksjonsevne eller hòl i CV-en.

### Helse, miljø og tryggleik

Kulturtanken er ei IA-bedrift. Leiing, tilsette, tillitsvalde og verneombod er viktige i arbeidet for å styrkje HMS-arbeidet i organisasjonen. Kulturtanken hadde per 31.12.2018 totalt 40 heiltidsstillingar og ei 20 % stilling. Sjukefråværet i 2018 utgjorde 4,4 % og har såleis gått ned frå 5,36 % i 2017. Dette heng saman med både førebyggjande fellestiltak og oppfølging og tilbakeføring til arbeid for ein langtidssjukemeld.

Nedanfor skildrar vi mål og status for måloppnåing for HMS-arbeidet i 2018:

1. Det er gjennomført tiltak med særleg fokus på helsefremjande arbeidsmiljø, med tilretteleggingstilskot frå NAV.

2. Kulturtanken skal sikre dei tilsette medverknad i arbeidsmiljøet. For å oppnå dette har vi vidareført AMU sjølv om verksemda har under 50 tilsette. Det er òg inngått avtale med bedriftshelsetenesta Arbeidsmiljøhuset, som har god kompetanse innanfor førebyggjande arbeidsmiljøarbeid i kunnskapsorganisasjonar.

3. Kulturtanken skal ha lågt sjukefråvær. Gjennom heile 2018 har vi hatt eit godt samarbeid med NAV og IA-kontakten, det er utarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukefråvær og leiarstøtte knytt til dette.

4. Kulturtanken skal skape ei felles forståing for arbeidsmetodar og prosessar. Det var brei involvering av dei tilsette i utarbeidinga av verksemdsplanen til Kulturtanken. Kulturtanken har lagt vekt på prosjektbasert arbeid.

5. I 2018 vart det utvikla eigne etiske retningslinjer for Kulturtanken, og arbeidsmiljø er eit av fokusområda. Alle tilsette vart involverte i dette arbeidet.

| | | Kjønnsbalanse | | | Gjennomsnittsløn | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Menn % | Kvinner % | Totalt (tal) | Menn | Kvinner |
| Totalt i verksemda | I år | 53 | 47 | 40,2 | 622 | 654 |
| | I fjor | 53 | 47 | 45 | 606 | 643 |
| Leiarstillingar | I år | 25 | 75 | 4 | 979 | 1020 |
| | I fjor | 25 | 75 | 4 | 938 | 966 |
| Andre stillingar | I år | 56 | 44 | 36,2 | 605 | 586 |
| | I fjor | 56 | 44 | 41 | 591 | 589 |


*Absence Crew på DKS-turné i Trøndelag, våren 2018. Biletet er teke på DKS Arena Trøndelag i Verdal*



*Ta vare på «draumepasningane» du får i livet, for å nå måla i livet – det er bodskapen til forfattar Romeo Gill i litteraturproduksjonen Drømmepasning. Biletet er teke på ein turné for DKS Troms i Sørreisa.*

## 1.5 Del V. Vurdering av framtidsutsikter

**Kunst- og kulturuttrykk utviklar seg i takt med at verda endrar seg. Det digitale skiftet med alle nye medium og teknologiar opnar nye erfaringsrom. Born og unge får i dag heilt andre stimuli og opplevingar. Ei av Kulturtankens roller er å vere vegvisar gjennom ein kvardag som kan verke kaotisk og usamanhengande for mange. Vi løyser oppgåva med å rettleie og fornye DKS gjennom utprøvande, skapande og kreative forsøk. Som nasjonal etat opplever vi stort påtrykk og behov for hjelp til å forløyse kreative krefter rundt om i landet. Det gjeld innan både kunst, kultur og skulesektor. Dei mange innmelde behova og ønska om samarbeid og utvikling gjer at framtidsutsiktene er lovande og gode.**

Kvardagen til born og unge er i stor endring som følgje av teknologisk utvikling, og dei har i dag tilgang på heilt andre kunst- og kulturuttrykk enn for berre få år sidan. Dette vil, på både kort og lang sikt, utfordre DKS-ordninga.
Fordi teknologi er meir tilgjengeleg, er born og ungdom i aukande grad medskaparar av kunst- og kulturuttrykka sine, og ikkje berre meir eller mindre passive konsumentar eller mottakarar av opplevingar. Dette er òg ein viktig premiss i fagfornyinga og vektlegginga av medverknad og deltaking i skulen. Nye arenaer for kunst og kultur trer fram, arenaer som mange av aktørane i DKS og innanfor skulen kan oppleve som framande, og som enkelte kan oppleve som trugande. Til dømes når elevar opplever konsertar i spelet Fortnite eller sjølve utviklar ei litterær novelle gjennom ulike dataspel.
Korleis stiller vi oss til dette som profesjonelle aktørar innanfor kunst- og kulturfeltet i skulen? Dette er nye arenaer og ein ny måte å drive formidling og samspel på, innan både visuelle opplevingar, litteratur, musikk og konsertar. Kulturtanken må som organisasjon og forvaltar av DKS òg setje fokus på slike eksperimentelle mediale moglegheiter og utforske kva slike endringar betyr for mandatet og oppgåvene til Kulturtanken og DKS framover. Samtidig må vi vareta og vidareutvikle dei nære analoge møta og samtalane mellom elevar, lærarar og kunstnarar.

I vårt fokus på forskings-, forsøks- og utviklingsarbeid for å stimulere til auka digital kunnskap og kompetanse er Kulturtankens KunstLab i ferd med å byggje opp ein eigen spel-lab. Digitale løysingar som appar på smarttelefonar kan nå ut til alle elevar med eit felles programtilbod og felles kunstopplevingar. I eit danningsperspektiv opnar det for felles erfaringsrom som gir grunnlag for framtidige samtalar. Her vil det vere nødvendig for Kulturtanken å invitere til mange og omfattande dialogar i åra som kjem.
Nært samarbeid med UH-sektoren (universitets- og høgskulesektoren) opnar for ny kunnskapsutvikling i DKS. Denne sektoren vil vere svært viktig for at vi skal kunne byggje det vidare arbeidet vårt på ein kombinasjon av erfarings- og forskingsbasert kunnskap.
I eit skulelandskap der kunst- og kulturfaga enno ikkje har høg prioritet, er det spesielt viktig at ordningar som DKS bidreg med profesjonell kunst og kultur i skulen, og at samspelet med skulen går føre seg der skulen og elevane er.



*KROKODILLETYVEN med Kvadratteatret, basert på boka med same namn skriven av Taran Bjørnstad. Framsyninga vart vist på Komma – marked for litteratur, den fyrste nasjonale visningsarenaen for litteratur i Den kulturelle skulesekken.*
*Arrangementet var eit samarbeid mellom Norsk litteraturfestival, Oppland fylkeskommune, Turnéorganisasjonen, Norsk Forfattersentrum og Kulturtanken.*

# Årsrekneskap

**Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Kulturdepartementet. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.**

### Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Rekneskapen skal gi eit dekkjande bilete av løyvingane og dei rekneskapsførte utgiftene og inntektene til Kulturtanken.

### Vurderingar av vesentlege forhold

Kulturtanken disponerte i 2018 ei samla tildeling, på kap. 325 – Allmenne kulturformål, på kr 92,2 mill., inkludert overføring av kr 1,6 mill. som følgje av mindreforbruk i 2017. Løyvinga er fordelt over post 01, «Driftsutgifter», med kr 89,7 mill. og post 21, «Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter», med kr 2,5 mill. Rekneskapen for 2018 viser eit totalt forbruk på kr 86,2 mill., fordelt med kr 83,7 mill. på post 01 og kr 2,5 mill. på post 21. Inntektene på kap. 3325 – Allmenne kulturformål, med ei ramme på kr 24,2 mill., viser inntekter på til saman kr 19,4 mill. og mindreinntekter på kr 4,9 mill. Resultatet gir ei samla netto mindreutgift på kr 1,2 mill. Mindreforbruket i 2018 vert forklart med avviklinga av den internasjonale verksemda til Kulturtanken i 2017/2018, mellom anna avslutning av samarbeid i Sri Lanka, India, Kina, Sør-Afrika og Palestina. Den avslutta aktiviteten inneber reduserte inntekter på om lag kr 5 mill. samanlikna med året før. Det reduserte aktivitetsnivået ser ein òg att på utgiftssida, inkludert to avslutta årsverk tilhøyrande internasjonal verksemd. Alle avtalane mellom Kulturtanken og Utanriksdepartementet vart avslutta i 2018 og vert ikkje fornya eller forlenga. Vidare har Kulturtanken mindreutgifter på lønsbudsjettet som følgje av ikkje-erstatta avgangar i 2018, dette for å halde dei planlagde stillingane i verksemda til 40 årsverk. Kulturtanken har belasta post 21 med om lag budsjettramma, dette er utgifter knytte til prosjektet *Ny portal til DKS*, omtalt i punkt 1.3, del III mål 1 i rapporten. Til det nemnde prosjektet disponerte Kulturtanken i 2018 ei belastningsfullmakt frå Difi på kr 4,7 mill. Fullmakta vart ikkje nytta i 2018 og vert overført til 2019.

### Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Kulturtanken er utarbeidd og lagt fram etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten, fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 18. september 2014. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassa.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følgjer kalenderåret:

a) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.

b) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i punkt 3.5 i føresegnene til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen.

Kulturtanken er tilknytt staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i punkt 3.8.1 i føresegnene. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) får ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år vert saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

### Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Kulturtanken har rapportert til statsrekneskapen. Ho følgjer dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som Kulturtanken har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og plikter Kulturtanken står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen *Samlet tildeling* viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

### Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal Kulturtanken har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Kulturtanken har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og går difor ikkje fram som inntekt i oppstillinga. Note 7 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.




*LYDLØFT – Drivhusets komposisjonsverkstad på turné i Finnmark.*



*MARIE KLÅPBAKKEN – folkemusikaren Marie Klåpbakken på ein konsert med elevar under Marked for musikk i Larvik. Produksjonen er laga av DKS Oppland.*



*KULTURBARN. Konferansen* Kulturbarn 0–8 *vart opna med salutt i oktober 2018. Frå venstre: Ståle Stenslie (Kulturtanken), Kirsti Saxi (Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa) og Morten Christiansen (Norsk kulturskuleråd).*



*INGEN MURER ER FOR HØYE – tidlegare kjendiskriminell, no forfattar Trond Henriksen, turnerer i Den kulturelle skulesekken med sitt eige litteraturprogram basert på ein knallhard oppvekst og livet inn og ut av fengsel.*



*KUNSTARTER I SAMSPILL – forfattar og slam-poet Guro Sibeko på ei generalprøve i Kulturtankens Studio1 før DKS-turné med* I en framtid på flukt. *Litteratur- og scenekunstproduksjonen er samprodusert av DKS i Akershus og Hedmark.*



*VÆR VARSOM UTØVER – leiar for DKS i Østfold, Johannes Hafnor, på scena under Kulturtanken sitt seminar om etikk i Den kulturelle skulesekken i september.*

## 1.6 Del VI. Årsrekneskap

# Årsrekneskap

**Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Kulturdepartementet. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.**

**Virksomhet:** **CG - Kulturtanken** Rapport kjørt: 13.02.2019

### Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2018

| Utgiftskapittel | Kapittelnavn | Post | Posttekst | Note | Samlet tildeling* | Regnskap 2018 | Merutgift (-) og mindreutgift |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0325 | Driftsutgifter | 01 | | 1, 3 | 89 671 000 | 83 661 026 | 6 009 974 |
| 0325 | Forskning, utredning og spesielle driftsı | 21 | | | 2 550 000 | 2 537 653 | 12 348 |
| *Sum utgiftsført* | | | | | 92 221 000 | 86 198 678 | |
| **Inntektskapittel** | **Kapittelnavn** | **Post** | **Posttekst** | | **Samlet tildeling*** | **Regnskap 2018** | **Merinntekt og mindreinntekt(-)** |
| 3325 | Inntekter | 01 | | 1, 6 | 24 215 000 | 19 360 078 | -4 854 922 |
| 5309 | Tilfeldige inntekter - ymse | 29 | | | 0 | 55 609 | |
| 5700 | Arbeidsgiveravgift | 72 | | 2 | 0 | 5 148 785 | |
| *Sum inntektsført* | | | | | 24 215 000 | 24 564 472 | |
| ***Netto rapportert til bevilgningsregnskapet*** | | | | | | **61 634 206** | |
| **Kapitalkontoer** | | | | | | | |
| 60047701 | Norges Bank KK /innbetalinger | | | | | 34 719 422 | |
| 60047702 | Norges Bank KK/utbetalinger | | | | | -96 398 716 | |
| 703802 | Endring i mellomværende med statskassen | | | | | 45 088 | |
| *Sum rapportert* | | | | | | 0 | |
| **Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)** | | | | | | | |
| | | | | | **31.12.2018** | **31.12.2017** | **Endring** |
| 703802 | Mellomværende med statskassen | | | | -1 359 205 | -1 404 292 | 45 088 |

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

**Virksomhet:** **CG - Kulturtanken**

### Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

| Kapittel og post | Overført fra i fjor | Årets tildelinger | Samlet tildeling |
|---|---|---|---|
| 0325, post 01 | 1 647 000 | 88 024 000 | 89 671 000 |
| 0325, post 21 | 50 000 | 2 500 000 | 2 550 000 |
| 3325, post 01 | | 24 215 000 | 24 215 000 |

**Virksomhet:** **CG - Kulturtanken**

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

| Kapittel og post | Stikkord | Merutgift(-)/ mindre utgift | Utgiftsført av andre iht. avgitte belastnings-fullmakter(-) | Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter | Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt | Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning | Innsparinger(-) | Sum grunnlag for overføring | Maks. overførbart beløp * | Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0325, post 01 | | 6 009 974 | | 6 009 974 | | | | 6 009 974 | 4 401 200 | 1 155 052 |
| 3325, post 01 | | | | 0 | -4 854 922 | | | -4 854 922 | | |
| 0325, post 21 | | 12348 | | 12 348 | | | | 12 348 | 2 500 000 | 12 348 |

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Kap 320 Allmenne kulturformål
Post 21 Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter, kr 2 500 000



**Virksomhet: CG - Kulturtanken**

### Oppstilling av artskontorapporteringen 31.12.2018

| | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet** | | | |
| Innbetalinger fra gebyrer | 1 | 0 | 0 |
| Innbetalinger fra tilskudd og overføringer | 1 | 2 849 300 | 5 579 000 |
| Salgs- og leieinnbetalinger | 1 | 457 390 | 571 554 |
| Andre innbetalinger | 1 | 0 | 0 |
| *Sum innbetalinger fra drift* | | 3 306 690 | 6 150 554 |
| **Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet** | | | |
| Utbetalinger til lønn | 2 | 40 281 890 | 43 372 952 |
| Andre utbetalinger til drift | 3 | 32 241 912 | 35 833 357 |
| *Sum utbetalinger til drift* | | 72 523 802 | 79 206 308 |
| **Netto rapporterte driftsutgifter** | | **69 217 112** | **73 055 754** |
| **Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet** | | | |
| Innbetaling av finansinntekter | 4 | -1 514 | -501 |
| *Sum investerings- og finansinntekter* | | -1 514 | -501 |
| **Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet** | | | |
| Utbetaling til investeringer | 5 | 664 092 | 1 060 286 |
| Utbetaling til kjøp av aksjer | 5,8B | 0 | 0 |
| Utbetaling av finansutgifter | 4 | 14 645 | 13 439 |
| *Sum investerings- og finansutgifter* | | 678 737 | 1 073 725 |
| **Netto rapporterte investerings- og finansutgifter** | | **680 250** | **1 074 226** |
| **Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten** | | | |
| Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m. | 6 | 16 053 388 | 15 754 700 |
| *Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten* | | 16 053 388 | 15 754 700 |
| **Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten** | | | |
| Utbetalinger av tilskudd og stønader | 7 | 12 994 626 | 25 776 786 |
| *Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten* | | 12 994 626 | 25 776 786 |
| **Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *** | | | |
| Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt) | | 55 609 | 58 893 |
| Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt) | | 5 148 785 | 5 410 684 |
| Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift) | | 0 | 0 |
| *Netto rapporterte utgifter på felleskapitler* | | -5 204 394 | -5 469 577 |
| **Netto rapportert til bevilgningsregnskapet** | | **61 634 206** | **78 682 489** |

**Oversikt over mellomværende med statskassen ****

| **Eiendeler og gjeld** | | **2018** | **2017** |
|---|---|---|---|
| Fordringer | | 0 | 70 000 |
| Kasse | | 0 | 0 |
| Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank | | 0 | 0 |
| Skyldig skattetrekk | | -1 350 514 | -1 654 870 |
| Skyldige offentlige avgifter | | -17 149 | 147 835 |
| Annen gjeld | | 8 459 | 32 743 |
| **Sum mellomværende med statskassen** | 8 | -1 359 205 | -1 404 292 |

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.
** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

# Årsrekneskap

Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Kulturdepartementet.
Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

**Virksomhet CG - Kulturtanken**

**Note 1 Innbetalinger fra drift**

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| *Innbetalinger fra gebyrer* | | |
| ***Sum innbetalinger fra gebyrer*** | **0** | **0** |
| *Innbetalinger fra tilskudd og overføringer* | | |
| Tilskudd fra statlige virksomheter | 99 300 | 0 |
| Tilskudd fra andre departement | 0 | 4 715 000 |
| Andre tilskudd og overføringer | 2 750 000 | 864 000 |
| ***Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer*** | **2 849 300** | **5 579 000** |
| *Salgs- og leieinnbetalinger* | | |
| Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet | 56 640 | 391 250 |
| Eksterne refusjonsinnt (eks bidragsforskning). | -40 000 | 0 |
| Tilfeldige inntekter | 440 750 | 180 304 |
| ***Sum salgs- og leieinnbetalinger*** | **457 390** | **571 554** |
| *Andre innbetalinger* | | |
| ***Sum andre innbetalinger*** | **0** | **0** |
| **Sum innbetalinger fra drift** | **3 306 690** | **6 150 554** |

**Virksomhet: CG - Kulturtanken**

**Note 2 Utbetalinger til lønn**

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| Lønn | 26 892 530 | 28 200 313 |
| Arbeidsgiveravgift | 5 148 785 | 5 410 684 |
| Pensjonsutgifter* | 3 140 026 | 3 157 287 |
| Sykepenger og andre refusjoner (-) | -853 360 | -1 328 152 |
| Andre ytelser | 5 953 909 | 7 932 819 |
| **Sum utbetalinger til lønn** | **40 281 890** | **43 372 952** |
| **Antall årsverk:** | 41 | 46 |

*** Nærmere om pensjonskostnader**
Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret. Premiesats for 2018 er 12,0 prosent. Premiesatsen for 2017 var 12,0 prosent.

**Virksomhet: CG - Kulturtanken**

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| Husleie | 8 354 974 | 8 497 071 |
| Vedlikehold egne bygg og anlegg | 0 | 0 |
| Vedlikehold og ombygging av leide lokaler | 326 204 | 27 584 |
| Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler | 1 398 274 | 1 222 011 |
| Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv. | 543 155 | 354 241 |
| Mindre utstyrsanskaffelser | 532 827 | 796 440 |
| Leie av maskiner, inventar og lignende | 1 408 243 | 1 498 152 |
| Kjøp av fremmede tjenester | 12 660 658 | 13 401 342 |
| Reiser og diett | 3 325 355 | 5 640 216 |
| Øvrige driftsutgifter | 3 692 222 | 4 396 299 |
| **Sum andre utbetalinger til drift** | **32 241 912** | **35 833 357** |

**Virksomhet: CG - Kulturtanken**

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| *Innbetaling av finansinntekter* | | |
| Renteinntekter | -1 514 | -501 |
| Valutagevinst | 0 | 0 |
| Annen finansinntekt | 0 | 0 |
| **Sum innbetaling av finansinntekter** | **-1 514** | **-501** |

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| *Utbetaling av finansutgifter* | | |
| Renteutgifter | 14 645 | 13 439 |
| Valutatap | 0 | 0 |
| Annen finansutgift | 0 | 0 |
| **Sum utbetaling av finansutgifter** | **14 645** | **13 439** |

# Årsrekneskap

Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Kulturdepartementet.
Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

## Virksomhet: CG - Kulturtanken

### Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| *Utbetaling til investeringer* | | |
| Immaterielle eiendeler og lignende | 0 | 0 |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 0 | 0 |
| Beredskapsanskaffelser | 0 | 0 |
| Infrastruktureiendeler | 0 | 0 |
| Maskiner og transportmidler | 0 | 0 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende | 664 092 | 1 060 286 |
| **Sum utbetaling til investeringer** | **664 092** | **1 060 286** |

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| *Utbetaling til kjøp av aksjer* | | |
| Kapitalinnskudd | 0 | 0 |
| Obligasjoner | 0 | 0 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 0 | 0 |
| **Sum utbetaling til kjøp av aksjer** | **0** | **0** |

## Virksomhet: CG - Kulturtanken

### Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| Overføringer fra kommuner | 16 053 388 | 15 754 700 |
| **Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten** | **16 053 388** | **15 754 700** |

## Virksomhet: CG - Kulturtanken

### Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

| | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|
| Tilskudd til fylkeskommuner | 12 994 626 | 25 776 786 |
| **Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten** | **12 994 626** | **25 776 786** |



**Virksomhet: CG - Kulturtanken** **Rapport kjørt:** 13.02.2019

**Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.**

**Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen**

| | | 31.12.2018 Spesifisering av bokført avregning med statskassen | 31.12.2018 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen | Forskjell |
|---|---|---|---|---|
| Finansielle anleggsmidler | | | | |
| | Investeringer i aksjer og andeler* | 0 | 0 | 0 |
| | Obligasjoner | 0 | 0 | 0 |
| | *Sum* | **0** | **0** | **0** |
| Omløpsmidler | | | | |
| | Kundefordringer | 161 003 | 0 | 161 003 |
| | Andre fordringer | 0 | 0 | 0 |
| | Bankinnskudd, kontanter og lignende | 0 | 0 | 0 |
| | *Sum* | **161 003** | **0** | **161 003** |
| Langsiktig gjeld | | | | |
| | Annen langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 |
| | *Sum* | **0** | **0** | **0** |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| | Leverandørgjeld | 808 | 0 | 808 |
| | Skyldig skattetrekk | -1 350 514 | -1 350 514 | 0 |
| | Skyldige offentlige avgifter | -17 149 | -17 149 | 0 |
| | Annen kortsiktig gjeld | -1 202 746 | 8 459 | -1 211 205 |
| | *Sum* | **-2 569 602** | **-1 359 205** | **-1 210 397** |
| **Sum** | | **-2 408 599** | **-1 359 205** | **-1 049 394** |

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

**Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler**

| | Ervervsdato | Antall aksjer | Eierandel | Stemmerett | Årets resultat i selskapet | Balanseført egenkapital i selskapet | Balanseført verdi i regnskap* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Aksjer* | | | | | | | |
| Selskap 1 | | | | | | | |
| Selskap 2 | | | | | | | |
| Selskap 3 | | | | | | | |
| **Balanseført verdi 31.12.2018** | | | | | | | **0** |

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Ved utfylling av note 8,del B skal tall fra selskapets siste avlagte årsregnskap benyttes. Det vil forekomme at selskap som virksomheten har eierandeler i ikke har offentliggjort sitt årsresultat før virksomhetens frist for oversendelse av årsrapport med tilhørende årsregnskap (så snart det foreligger og innen 15. mars). Ved utfylling av noten kan dere benytte tall fra selskapets årsregnskap for året før. Om det ikke benyttes regnskapstall fra siste år bør dette opplyses om i noten.



*ELEVMEDVERKNAD: Workshop-baserte kunst- og kulturbesøk – populært blant elevar og skular. Biletet er frå Loppa kommune i Finnmark, der Drivhuset er på besøk med produksjonen Lydløft. Elevane komponerer og framfører ein eigen komposisjon med ei blanding av elektroniske og heimelaga instrument.*

**Kulturtanken**
Den kulturelle
skolesekken
Norge



**Kulturtanken**
Postboks 4261 Nydalen
N-0401 OSLO

Tlf.: 22 02 59 00
post@kulturtanken.no
www.kulturtanken.no

*Tuva Hennum og Miriam Kjølen i musikk- og scenekunstproduksjonen Søster, under Marked for musikk i Larvik.*

Vår referanse 2018/00544-7

Riksrevisjonen

KULTURTANKEN - DEN KULTURELLE
SKOLESEKKEN NORGE
Org. nr.: 974761114

## Riksrevisjonens beretning

Til Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Kulturtankens årsregnskap for 2018. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2018.

Bevilgnings- og artskontorapporteringen viser at 61 634 205,67 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Kulturtankens årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2018 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2018, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAIs etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAIs etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon | E-post | Internett | Bankkonto | Org.nr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 6835 St Olavs plass<br>0130 Oslo | Storgata 16 | 22 24 10 00 | postmottak@riksrevisjonen.no | www.riksrevisjonen.no | 7694 05 06774 | 974760843 |

**Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**
Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

**Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet**
Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

### Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 26.04.2019

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*